



Multiconsult

Dato: 16.02.2015
Vår ref.: 2015/687-4
Saksbehandlar: annvabo
Dykkar ref.:

Fråsegn til oppstart av reguleringsendring - Plan 276 - Slettebrekka- Hetlevik og Plan 250 Nipa, Follese - Askøy kommune

Vi viser til brev datert 15. januar 2015 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Slettebrekka–Hetlevik og Nipa, Follese. Hovudføremålet med reguleringa er optimalisering av vegløsningar.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsvarslinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

I det vidare arbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Areal- og transport
- Barn og unges interesser
- Folkehelse
- Landskap
- Kulturminne
- Samferdsel
- Universell utforming

Meir om barn- og unges interesser

Planlegginga skal ta omsyn til barn- og unges interesser og sikre gode og trygge oppvekstmiljø. Kva for konsekvensar planforslaget får for barn og unge skal gjerast greie for (*Regionale arealpolitiske retningslinjer og RPR for å styrke barn og unges interesser i planleggingen*)

Meir om samferdsel

Det har tidligare vore dialog mellom Statens vegvesen og samferdselsavdelinga/Skyss i saka. Utfordringa er at den nye vegen ikkje er tilrettelagt for buss. Bussene må difor køyre gamlevegen for å kunne dekke buområder. Det er skjedd nokre forbetringar i endringane som no er lagt inn i planane. Mellom anna er det laga ein snarveg til Follese skule som skal gjere det enklare for å ta seg fram til skulen om ein kjem med buss. Samferdselsavdelinga rår til å lage busslomme med god plass ved skulen, slik at det og er rom for andre som har behov for av- og påstigning. Generelt bør utforming av busslommer og andre løysingar for kollektivtransporten skje i dialog med Skyss.

Meir om kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi vil minne om pkt. 2 i dei regionale retningslinene i Fylkesdelplan for kulturminne der dokumentasjon av

kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

I planområdet er det kjent to automatisk freda kulturminne frå før, ein heller (Askeladden-id 91777) og ein steinalderbuplass (109879). Hellaren ligg i Hetlevik, like sør for areal regulert til riggområde. Vi kan ikkje sjå at hellaren blir direkte råka av planendringa, men den ligg svært tett på areal med nye tiltak, og kulturminnet må takast omsyn til ved arbeid i dette området. Vi ber vidare om at ein vurderer å inkludere det automatisk freda kulturminnet i planområdet med omsynssoner c (vern av kulturmiljø – H570) og d (bandlegging etter kulturminnelova – H730).



På Follese er det kjent ein steinalderbuplass med Askeladden-id 109879. Denne vart arkeologisk undersøkt i 2013 i samband med planprosess for gjeldande plan. Lokaliteten er fjerna i samband med undersøkinga, vi har såleis ikkje merknader til planendringar i dette arealet.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på Areal- og transport, Barn og unges interesser, Folkehelse, Landskap, Kulturminne, Samferdsel og Universell utforming.

Konkrete merknader:

- Kva for konsekvensar planforslaget får for barn og unge må gjerast greie for.
- Planen må regulere busslomme med god plass ved skulen, og utforming av busslommer og andre løysingar for kollektivtransporten må skje i dialog med Skyss.
- Det automatisk freda kulturminnet, ein heller, må takast omsyn til ved arbeid i området. Vi ber om at ein vurderer å inkludere det automatisk freda kulturminnet i planområdet med omsynssoner c (vern av kulturmiljø – H570) og d (bandlegging etter kulturminnelova – H730).

Marit Rødseth
plansjef

Anne-Kathrine Vabø
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Sakshandsamarar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Heidi Handeland, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Gunhild Raddum, Samferdselsavdelinga, Transportplanseksjonen

Kopi til:

Askøy kommune

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest